



Trygt til fjells med tog - men hald deg unna sporet!

Det har dessverre vore både dødsulukker og mange tilløp til ulukker på Bergensbanens høgfjellsstrekning på grunn av at skiløparar har tatt sjansar. Jernbaneverket ser med stor uro på dette.

Toget kjem fort og stilt

Det kan vera freistande å ta snarvegen over sporet når ein vil kryssa jernbanen, men det kan vera svært farleg. På høgfjellsstrekninga kan toget kjøra 160 km/t på den nye parsellen aust for Finse. Dette tilsvarar ca. 45 meter i sekundet, medan f.eks. 100 km/t tilsvarar 28 m/s. Er du i sporet når du får auga på toget, har du såleis berre sekundar på deg for å koma deg unna.

Toget kan heller ikkje bråbremsa; er farten 100 km/t, treng toget ca. ein kilometer for å stoppa. Dessutan nærmar toget seg svært stilt, mykje stillare enn ein skulle tru. Står du i sporet eller like ved, vil du ikkje høyra toget før det er like nær deg. Vi har opplevd at folk brukar ruteheftet som rettesnor for å finna ut når det er trygt å kryssa sporet, men dette er svært risikabelt.

Sjølv om togtrafikken etter kvart er blitt svært punktleg, skjer det av og til forseinkingar. Godstog og ekstratog seier heller ikkje ruteheftet noko om, og dagleg blir det kjørt brøytemaskiner eller andre arbeidstog på dei fleste strekningar. Du må derfor rekna med at det kan koma tog når som helst.

Vi er avhengige av at folk er ansvarlege og ikkje tar sjansar når sporet skal kryssast. Sjølv om det kan bety ein omveg, er det stader der sporet kan kryssast trygt – på planovergangar, på overgangsbruer, via undergangar og over tunnelar. Vi vil i tillegg minna om at det er livsfarleg å komma nær kontaktledningsanlegget, som fører straum på 15000 volt. I fjellet er det òg ein del regulerte vatn, der isen kan vera utrygg.

Tenk deg om – ta ansvar for deg og dine!

Vil du melda frå om ein akutt faresituasjon, bør du kontakta politiet (tlf. 112), som igjen varslar trafikkstyringssentralen. Du kan også ringja Jernbaneverket på tlf. 05280 (sentralbordet)

Har du forslag eller spørsmål til oss, kan du òg kontakta oss via brev eller e-post: Jernbaneverket, Postboks 4350, 2308 Hamar • e-post: postmottak@jbn.no
Du finn mykje informasjon om jernbanen på www.Jernbaneverket.no

Vi ønskjer deg fine og trygge skidagar på høgfjellet.
Helsing Jernbaneverket



Jernbaneverket

Utgitt av Jernbaneverket, Informasjonsavdelinga, 2010